

NOTAT

Salhus, 03.02.2022

Gardflor i Kopperdal 167/1 - Alver

Torsdag 27.01.2022 var Kulturverntenesta i Nordhordland , ved undertekna, på synfaring til gnr 167, bnr 1 i Kopperdal i Alver kommune. Med på synfaringa var og Bente Kopperdal Hervik frå Alver kommuneog eigaren, Aril Langesæter. Bakgrunnen for synfaringa var at eigar ville ha ei vurdering av kulturminneverdi av den gamle bøgarden og gardfloren på bruket.

Bøgarden, som er ein steingard som skil innmark og utmark, er synleg i det bratte terrenget ovanfor tunet i Kopperdal. Denne steingarden strekk seg på tvers av eigedomen og er eit imponerende byggverk trass i at den har rast saman og er skada fleire stader. Som ein del av denne steingarden ligg to tørrmurte hus; eit rektangulært hus på om lag 26 m² og eit mindre kvadratisk hus på om lag 9 m². Husa ligg på innmarksida av steingarden som utgjør bakveggen til begge bygningane. Husa har pulttak med høgste veggen mot dalen. Taket har vore tekt med villskifer/heller på sperr, men sperrene har rotna og helletaket har kollapsa.

Tørrmurar Haakon Aase har gjort ei grundig tilstandsanalyse av bygningane og steingard som kan lesast i vedlegg.

Gardflorar, eller skjenflorar, kjenner vi til i heile Nordhordlandsregionen, og på Vestlandet elles. Som nemnt over er dette bygningar, oftast i tørrmur, der eine veggen er ein del av bøgarden eller steingarden mellom inn og utmark. Dette er vår og sommafjøsar for dyra der dei kunne få ly for veir, vind og innsekt og det var ofte der dei vart mjølka. Det var og nyttig å ha dyra der over natta slik at ein kunne samle gjødsel som kunne nyttast på innmark og åkrar.

Eigaren av denne gardflore har blitt fortalt at desse bygningane har blitt brukt til mjølking av sau og at det minste er eit sokalla lammahus. Det fungerte slik at om natta vart sauene tatt inn i gardflore og lamma vart sett for seg sjølv inn i det vesle lammahuset. Slik ungjekk dei at lamma tømde jura til sauene og dei kunne mjølkast om morgonen.

Sør i Europa; som i Portugal, Frankrike, Spania, Italia og Hellas er det framleis vanleg med mjølking av sau til osteproduksjon, men her i landet er det lenge sidan dette har vore vanleg praksis. Jon Bergsåker skreiv i si magisteravhandling i etnologi om dette. I artikkelen «Sauen som mjølkedyr», som er basert på magisteravhandlinga, viser han mellom anna til Eyrbyggjasaga som skildrar skikkar knytt til mjølking av sau. Han meiner dette er skikkar som landåmsmennene har hatt med seg frå Norge på 800-900-talet og at ein har praktisert dette her i landet til ut på 1900-talet. Det Bergsåker nemner som årsaker til at denne skikken tok slutt var mellom anna at det etterkvart vart avla fram andre eigenskapar til sauene, som ull og kjøtkvalitet. Det er likevel etableringa av meieri og generell modernisering i landbruket som blir nemt som den viktigaste årsaka til at denne skikken forsvann heilt.

Vi kjenner ikkje til kor stort omfang denne skikken har hatt, eller kor vanleg dette har vore her i området, men ut frå stadnamn og tufter er det grunn til å tru at det har vore relativt utbreidd. Stadnamnet Lammbhusbakken på Havrå på Osterøy er eit døme og søker ein i stadnamnregisteret får ein fleire treff på «Lambhus...», særleg her på Vestlandet.

Det tørrmurte anlegget med bøgard, gardflor og lammahus på gnr 167, bnr 1 i Kopperdal er det einaste attståande av dette slaget som vi kjenner til i området, det representerer ein utdøydd del av landbrukshistoria, det er utført med høg handverkskunnskap og er ein flott representant for tørrmuringstradisjonen i Nordhordland og har med det høg kulturminneverdi.

Med Venleg helsing

Arild Sætre

Bygningsvernkonsulent

Kulturverntenesta i Nordhordland